



## MØTEREFERAT

**Referat frå:** Sykkel VM møte nr 1      **Møtedato:** 18.2.2015      **Tid:** 0930-1130  
**Møteleiar:** Britt Karen Spjeld      **Møtestad:** Møterom 726      **Arkivsak:** -  
**Referent:** Bjørg Larsen      **Ref.dato:** 18.2.2015      **Arkivnr.:** -

**Deltakarar:** Sverre Jokstad Askøy kommune, Roald Steinseide Askøy kommune, Einar Grieg Bergen kommune, Geir Bartz-Johannessen Bergen kommune, Eli Orre Sykkel VM 2017 AS, Erik Kubon Halvorsen Sykkel VM 2017 AS, Torjus Larsen Sykkel VM 2017 AS, Eli Årdal Berland Fjell kommune, Mona Maria Løberg Naturvernforbundet, Nils Tore Skogland Naturvernforbundet, Nils Kåre Skoge Sund kommune, Christel Møvik-Olsen Øygarden kommune, Åse Gunn Husebø Øygarden kommune, Anna Elisa Tryti Hordaland fylkeskommune, Bjørg Larsen Hordaland fylkeskommune, Britt Karen Spjeld Hordaland fylkeskommune, Einar Aalen Husager Hordaland fylkeskommune, Gunhild Raddum Hordaland fylkeskommune, Marta Rongved Dixon Hordaland fylkeskommune

**Fråvær:**

**Kopi til:**

### Samhandlingsmøte om Sykkel VM 2017 og sykkel VM kvar dag 18.2 2015

Anna Elisa Tryti ønskte velkommen og helste frå fylkesvaraodrførar Mona Hellesnes. Anna Elisa peikte i si innleiing på at Sykkel-VM er eit av verdas største idrettsarrangement med deltakarar frå alle verdsdelar og med stor mediemerkemd. Fylkestinget har løyvd kr 15 mill. til arrangementet. Midlane skal gå til direkte arrangementstøtte, tilretteleggingskostnadar for kollektivtransport og støtte til folkehelseiltak.

Sykkel VM 2017 må bevise at dei er verdt pengane – alle må sykle mykje meir. Ho viste til København med sin sykkelstrategi. Der er sykkel eigen transportform. Det er viktig å få alle med på laget – både næringsliv, reiseliv, idretten, folkehelse og skule. Vi skal lage eit fantastisk vellukka arrangement. Hun trur at løyndomen ligg i god organisering og samordning mellom Sykkel VM 2017 AS, Hordaland fylkeskommune, kommunane Bergen, Øygarden, Askøy, Fjell og Sund og andre aktørar.

Fylkestinget løyvde i desember kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelvanar. Fylkesutvalet har bedt om ei sak i første kvartal 2015 der prosjektet blir konkretisert. Det er viktig å satse på tiltak som kan vere levedyktige, også etter 2017, for å skape grunnlag for ei varig verdiskaping knytta til auka bruk av sykkel. Gode eksisterande tiltak bør løftast fram og bli synleggjort, og vurdert sett inn i ein større samanheng. Gjennom ei felles arbeid med Sykkel VM 2017 i Hordaland kan vi;

- \* gjennomføre eit flott Sykkel VM 2017 for utøvarar, trenarar, leiarar, media og publikum
- \* få fleire til å bruke sykkel til rekreasjon, trening og transport heile året ved betre tilrettelegging
- \* auka bevisstheit om sykling sine positive effektar knytta til folkehelse
- \* auka kompetanse og kapasitet i sykkelklubbar i Hordaland
- \* styrke reiselivssatsninga
- \* skape entusiasme og stoltheit i befolkninga.

Erik Kubon Halvorsen innleia sin presentasjon med ein film frå Tour de France for å setje oss i stemning til presentasjon om Sykkel VM 2017 AS/ Bergen 2017. Arrangementet er 16.-24. september 2017, 9 dagar med 12 konkurransar, 1150 utøvarar frå 80 nasjonar, 6-7000 akkrediterte derav 500-700 frå presse, 500 000 tilskodarar, minst 1000 frivillige og 300 millionar TV-sjåarar.

Meisterskapet skal vere spektakulært, det skal inspirere og vere populært! Det skal sette i gong tiltak som varer lenge etter meisterskapet. Sykkelforbundet eiger Sykkel VM 2017 AS og Bergen 2017 vil stå for den vidare planlegginga og gjennomføringa av Sykkel VM 2017. Eit kompetent styre vert leia av Mona Hellesnes. Organisasjonskomiteen vert leia av Harald Tidemann Hansen (sykkelpresident). I løpet av 1.

kvartal skal hovudkomiteen opprettast i tillegg til ulike utvalg og arbeidsgrupper m.a. knytta til transport og logestikk, kommunikasjon og marknadsføring, presse og media, kultur og folkefest, frivilligheitsprogram og sykkelprogram/aktivitetstiltak. Kommunane og fylkeskommunen vert invitert til å delta i denne komiteen og i gruppene. Det skal utarbeidast formelle avtalar mellom Bergen 2017 og dei ulike kommunane og HFK. Eirik og Eli sine presentasjon er vedlagt.

Eli Orre snakka om sykkel- og aktivitetsprogram og kva Bergen 2017 kan bidra med. Spørjeundersøking etter Skjærgårdsrittet viste at folk trekker fram natur- og treningsoppleving når dei vert spurt om kva som er viktig. Vi må få ned konkurransepreget. Dei ønskjer å kome i gong med aktivitet i skulane. «Gøy og trygg på sykkel», suppleringsprogram til Trygg trafikk sine opplegg. Tok opp problematikken med «kor skal vi gjøre av sykklane». Bedriftsprogram. Sykle til ulike arrangement, Tour of Norway for Kids, sykle til VM, ulike kampanjar og haldningsskapande arbeid.

Torjus Larsen presenterte kort om Tour des Fjords. Arrangementet vert sett i samanheng planlegging og gjennomføring av sykkel VM i 2017. Det lokale sykkelmiljøet i Hordaland skal frå 2015 knyttast sterkare til utviklingen og gjennomføringa av Tour des Fjords og såleis tileigne seg nyttig arrangementskompetanse. Involvering av eit breitt organisasjonsliv er viktig for å kunne utnytte synergieffektar. Årets Tour des Fjords blir arrangert 27.-31. mai og dei fem etappene er:

- 1. etappe** 27mai: Bergen-Norheimsund, 177 km
- 2. etappe** 28 mai: Ulvik- Haugesund, 205 km
- 3. etappe** 29 mai: Stord-Sauda, 166 km
- 4. etappe** 30mai: Stavanger-Sandnes, 177 km
- 5. etappe** 31 mai: Hinna Park-Stavanger, 186 km

Runde rundt bordet:

Einar Grieg, Bergen kommune: Kvardagssykling er eit eige kompetanseområde vi må ta på alvor. Folk er opptekne av sykling som trening, men ikkje som transportmiddel. Vi må få fleire til å sykle av og til, folk til å sykle korte distansar og barn og unge til å sykle lengre (tal år). Oslo kommune har mobil sykkelparkering som dei låner ut gratis til arrangement. Bergen deltek i Sykkelbynettverket – mange har erfaringar med ulike modellar for kommunikasjon. Viktig å ta lærdom av. Vi må avklare kven gjer kva og finansiering. Bergen kommune gjer pr i dag mykje det same som Sykkel VM 2017 AS tenker å gjere. Vi må forene kreftene. Bergen kommune har mykje tal og statistikk.

Geir Bartz-Johannessen, Bergen kommune: Det er eit stort frivillig korps frå både idrett og andre organisasjonar. Forslag at eit skulekorps får barna til å sykle til øving. Sjukeheim får eldre ut ved at frivillige sykklar dei på tur. Røde Kors i Bergen har ei slik ordning.

Roald Steinseide, Askøy kommune: har ikkje sett av midlar eller etablert ei organisasjon, men framheva folkehelse. Skape årleg fest ute i kommunen. Dei har mange nye vegar, men det er truleg ikkje nok for å få born å sykle der. Farleg skuleveg avdi foreldre køyrer sine born til skule og trening. Holdningsendringar må til.

Sverre Jokstad, Askøy kommune: Sykkel VM 2017 AS bør også vurdere andre aktørar enn Dale Oen Experience! Prioritering av spelemidlar til turstiar/vegar som kan nyttas til sykling. Styrke arrangement og arena som finst. Ide om sykkelarrangement på Herdla – mykje er tilrettelagt der. Askøy rundt kan utviklas. BMX-sykling er litt på nedtur – vert bare for dei tøffaste gutane. Forslag å få inn spørsmål om sykling i Ungdomsundersøking i skulane.

Eli Årdal Berland, Fjell kommune: Dei har sykkelstrategi for heile kommunen, alle typar sykklar. Dei satsar på el-sykkel for sine tilsette og har 2 til utlån på rådhuset. Vil styrke dei tiltaka dei allereie har. I Skjærgårdsrittet fekk ho med seg fylkesordførar og 14 andre frå kommunen. Der var det og barneritt i fjor sommar. Kommunen har samarbeid med Aker – alle i 5. klasse får sykkelhjelm utan reklame. I samarbeid med sykkelklubbar bli det samla inn brukte sykklar som dei delar ut og gir sykkelopplæring til dei som ikkje har høve til å kjøpe sykklar, t.d. innvandrarvinner.

Nils Kåre Skoge; Sund kommune: Dei har mange gang- og sykkelveggar. Mange kjem i bil frå andre stader for å sykle i Sund. Tilsette i kommunen sykklar Bergen-Voss. Dei har ikkje sett av pengar på budsjett for 2015, administrasjonen må ta jobben.

Åse Gunn Husebø, Øygarden: Dei har løyvd pengar, og har starta arbeidet med den lokale organiseringa. Dei ønskjer å skape eit breidt engasjement. Samarbeid med The Dale Oen Experience, MOT og Sotra sykkelklubb. Fokus på kvardagssykling. Dei har ma flott sykkelveg for folk med nedsett funksjonsevne. Frisklivssentralen vil også bli involvert.

Nils Tore Skogland: Naturvernforbundet har undersøkingar som viser at 3,5 km er maks for dei fleste syklistar. Folk bruker bilen som paraply. Vi har ei utfordring på infrastruktur. Elektrisk sykkel kan vere inngangsport for inaktive.

Marta Rongved Dixon: Reiseliv – aktivitet og opplevingar for alle. Sykkel har eit stort potensiale som vi ikkje har tatt ut. Utfordring at turister som ønskjer å få frakta sin bagasje mellom sykkel-etappar og transport av sykklar med offentlig transport. El-sykklar veldig viktig. Store grupper kan gjere ting i lag. Merking og gradering av turløyper til vandring og sykkel er viktig. Landevegssykling er etterspurt og dei har eit eige prosjekt er på gang i Voss og Hardanger. Rallarvegen er også ei flott sykkelrute som kan marknadsførast betre. Vi må skape nye inntektsgivande tilleggstiltak knytta til arrangementet. Destinasjonsselskapa kan søke HFK om midlar til produktutviklingstiltak.

Einar Aalen Husager: Klima og ressurs jobbar med sykkelparkering på kollektive knutepunkt. Har Sykkel VM kvar dag som eit prosjekt. Vil ha fleire historier om kvardagssykling. VGS + høgskule + universitet – jobbar med kampanje.

Erik Halvorsen og Eli Orre avsluttar: Ønskjer å ha prosjektleiinga for fleire prosjekter, t.d. born sykklar til skule ein gong pr. veke, foreldre sykklar til foreldremøte. Vi må setje konkrete mål.

Britt Karen Spjeld summerte dei ulike områda debatten hadde vore innom og som vi kanskje kan samhandle om.

1. Dokumentasjon, statestikk – kva veit vi og kva treng vi meir kunnskap om?
2. Haldingsskapande arbeid – kva finst av modellar og erfaringar frå andre aktørar nasjonalt og internasjonalt?
3. Skulesatsning – innsatsen bør koordinerast
4. Arrangement – styrke eksisterande sykkelarrangement og inkludere sykkel i andre
5. Infrastruktur – t.d. gang- og sykkelveggar, trygg og funksjonell sykkelparkering, mobil parkeringsløysing, el-sykklar.
6. Frivilligheit – kva vil klubbane ta på seg, kartlegge resursar utover idretten, frivilligheitssentralar
7. Reiseliv

Forslag neste møte: 24. mars kl. 9.00-12.00 (inkl. lunsj)